

Bok på 1-2-3

Gjermund Gjerdesmett og andre føykne fuglar

Av Lisbeth Dreyer og Per Ragnar Møkleby


Tverrfagleg undervisningsopplegg i norsk, naturfag og musikk. Tema berekraft, natur og miljø. Passar på 1.-4. trinnet.

Tid: 90 minutt

Vi møter Gjermund Gjerdesmett og andre føykne fuglar i deira heilt vanlege fugleliv. Dikta fram med morosame, nære og engasjerande situasjonar på rim. Dikt og illustrasjonar kvitrap saman på ein måte som gjer at barn lærer om og kjenner att fuglane når ein sprett rundt i nærmiljøet. Boka har eit nærvær som engasjerer og inspirerer. Ho gjer lesaren merksam og utfordrar det vi allereie kan og veit, eller kanskje tek for gitt, om fuglane som omgir oss.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.
- Finne fram lysark til undervisning.
- Skrivesaker og farga post it-lappar.
- Lydfiler (syng med og instrumental) og notar til «Songen til Svala», «Fuglane», «Småsporven» og «Kråkevise» finn du på tunkatten.no/songbok/dyr-og-fuglar. Som lærar kan du gjerne nytte instrument som gitar eller piano som akkompagnement. Du kan også vurdere å inkludere instrument tilpassa alder og nivå, og arbeide med rytme / gehør / enkel notasjon. Rytmar, melodiar og andre grunnelement i musikk og det munnlige er også ein del av ressursen.



Formål

Norsk

- Lese og lytte til forteljingar og faktabøker på nynorsk, og samtale om kva teksten betyr for eleven.
- Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, leik, rørsle og andre kreative uttrykk.

Naturfag

- Utforske og samanlikne korleis ulike dyre- og planteartar har tilpassa seg miljø og levestader, og drøfte kvifor nokre artar dør ut.
- Gi døme på god dyrevelferd og reflektere over korleis ein kan vareta behova til dyr.

Musikk

- Utøve og utforske eit repertoar av songar frå ulike musikkulturar.
- Eksperimenter med rytmar, melodiar og andre grunnelement, setje saman mønster til komposisjonar.

1 Før lesing (10 minutt)

Samtale

- Kva er ein fugl?

Fuglar er tobeinte dyr med venger og fjør. Dei legg egg, og som regel kan dei fly.

- Kva er ein trekkfugl?

Trekkfuglar flyttar mellom ulike område på jorda alt etter kva årstid det er.

- Kor mange fuglar trur de at det er i verda? Og i Noreg?

I verda lever det i dag over 10 000 fugleartar. Over 500 av dei finst i Noreg.

- Læringspar i samtale: Kva fuglar kjenner de til? Kva veit de om dei ulike fuglane?

- Kva opplevelingar har de med fuglar?

Måseskit i håret? Fugl som tar maten din? Fugleegg i skogen? ...

Læraren seier at no blir det kjekt å lese, leike, lære og undre seg saman med boka Gjermund Gjerdesmett og andre føykne fuglar.

Illustrasjon frå boka: Per Ragnar Møkleby



2 Lesing (30 minutt)

Læraren les høgt, og de opplever boka saman. Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa. Gi kvarandre tid og rom til undring og engasjement. Oppklar ord og omgrep som er nye for elevane, undervegs.

Les teksten slik han står, på nynorsk, og ikkje forenkle eller omsetje han til dialekt. Slik kan du gjere elevane kjende og fortrulege med den nynorske språknorma.

3 Etter lesinga (30 minutt +)

De kan velje å gjere alle oppgåvene eller eit utval. Du tilpassar til trinn og nivå.

Samtal og skriv

Kva la de særleg merke til? Summer opp (munnleg to og to) kjenneteikn på dei ulike fuglane. Skriv stikkord/setningar på ein farga post it-lapp, og heng på tavla. Kva har gruppene til felles og særskilt?

Gry Grågås (tekst nummer 12 i boka)

- Les, finn og skriv ned enderima i teksten. Enderim er når siste delen av to eller fleire ord er lik eller nesten lik. Døme frå teksten om Gry Grågås: Skog – himmelplog, Gry – fly, mil – kvil, ned – med, nord – prosesjon, grep – slep.
- Språkleik: La oss klappe stavingar i rimorda! Det er like mange stavingar som det er vokalar i ordet.
- Les og finn bokstavrima i teksten. Bokstavrim er til dømes når to eller flere trykktunge ord eller stavingar byrjar med same konsonant. Døme frå same teksten er: Plaprande prosesjon, sommar og sol på slep.
- Munnleg og skriftleg: Lag fleire bokstavrim om Gry Grågås. Gry Grågås gliser gildt. Venger vender vent i vind.
- Spør: Kva veit de eigentleg om grågåsa?
- Spør og konkretiser: Har du sett ein grågåsplog? Korleis ser han ut? Still dykk gjerne opp i klasserommet som ein grågåsplog. Kva lyd lagar grågåsa i plog? *Kijaaa-ga-ga / Ank-ang-ang.*
- Lytt til «Grågåsa» av Kari, Ola og Lars Bremnes der du strøymer musikk.

Arbeidsark

Plasser fuglane i Gjermund Gjerdesmett og andre føykne fuglar innanfor desse områda. Bruk enkle ord og setningar på nynorsk. Sjå biletet av fottypar på <https://lille.snl.no/fugler>

Fugl	Kva adjektiv beskriv fuglen?	Korleis lever han?	Kva lyd lagar han?	Er han ein trekkfugl eller standfugl?	Kva fottype har han?
Låvesvale					
Gjerdesmett					
Skjor					
Måse					
Bydue					
Gråsporv					
Blåmeis					
Kråke					
Hegre					
Gauk					
Stare					
Grågås					
Flaggspett					
Skarv					
Kattugle					
Raudstrupe					

3 Etter lesinga (framhald)

Undring, engasjement og kunnskap

- 1 Kvifor dør nokre fugleartar ut? Fugleartar kan forsvinne på grunn av at maten dei et, eller stadene dei bur, forsvinn. Det kan til dømes vere på grunn av at menneska lagar åker der fuglane budde, eller at menneska høgg ned skogar, byggjer hus og vegar eller på andre måtar endrar områda der fuglane budde. Andre viktige grunnar er klimaendringar, plastforureining, jakt og innføring av framande artar.
- 2 Kvifor er det viktig å vise omsyn til fuglar og dyr i korleis vi brukar naturen?
- 3 Korleis ein kan vareta behova til fuglar?



4 Aktivitet (20 minutt +)

Fuglar syng, og det gjer vi også! Instrumental og notar til songane «Songen til Svala», «Fuglane», «Småsporven» og «Kråkevise» finn du på nettsida tunkatten.no/songbok/dyr-og-fuglar.

Skap gjerne eigne kreative musikkuttrykk i grupper med grunnlag i eitt/fleire av dikta (forslag: rytmeostinat, stomp, komponere, improvisere, koreografere, dramatisere).

Døme: Vi tek utgangspunkt i teksten om Gry Grågås. Tilpass trinn og nivå.

- Rytmeostinat: himmelplog – himmelplog ... (gjenta, leik med rytmene/stavingane. Gå gjerne i sirkel der de går rytmene på 1-2, 1-2, ...).
- Stomp: Vi brukar kroppen som rytmeinstrument. Klappar rytmene med flat hand ved hjartet på 1-2, 1-2, ...).
- Komponere vidare: Hald fram å gå i sirkel på rytmene 1-2, 1-2, No skal vi øve inn første verset om Gry Grågås.

Høgt over hav og skog
i front av ein himmelplog
kjeftar og skvatrar Gry
kom no, heng i å fly!

- Improvisere over orda fly, fly – heng i å fly. Anten ved å bruke rytmene eller ved å leike med ein tone eller ein enkel melodi.
- Koreografere: Rytmerørsla er koreografien. Ein kan også velje å utvide til nokre enkle danseelement. Døme kan vere at ein tek pause frå teksten og held fram med å gå rytmene i sirkel medan ein bøyar seg svakt ned og strekker seg rakt opp som for å illustrere grågåsa som flyg høgt der oppe på himmelen. Det gir ein fin bølgeeffekt. Ein kan også danse inn forma av grågåsplogen.
- Dramatisere: Ein kan framstille vers to og tre i teksten om Gry Grågås dramatisk. Dette kan gjerast ved å lære tekstane godt og framføre dei munnleg med innleiving (til dømes drøymande og med sjarm/humor). Kva for ord er det naturleg å legge trykk på? La rytmene og teksten vise veg. Kor er det naturleg å legge inn dynamikk? Som avslutning kan de gjenta første vers med dei musikalske elementa.

La alle elevane få øve inn alle delane godt. Ta dykk god tid og ha det kjekt! Del så i grupper og set saman til ei framføring. Ruller gjerne oppgåvene og gjenta gjennom årstidene. Legg gjerne til kostyme (svarte grunnkostyme og tekstilar som illustrerer og bygger opp om teksten). De kan også vurdere å legge til scenografi som enkle lyseffektar. No har de laga eit kunstnarisk verk! Dette gir kroppsleg, estetisk, sosial og emosjonell læring. Og det er gjort gjennom leik! Hugs å rose og å oppmuntre kvar enkelt elev. Det blei nok så fint!

Kjelder

Dreyer, L. & Helberg, M. (2024). Lille norske leksikon: Fugler.
Henta frå <https://lille.snl.no/fugler>

Eggen, M. (2024): *Uten fugler blir livet ikke helt det samme – hvorfor fuglene forsvinner, og hva vi kan gjøre for å hjelpe dem.* Kagge forlag.

Engås, A. Aa. & Øvregaard, M. (2023). *Musikk i LK20 – planlegging, undervisning og vurdering.* Fagbokforlaget.

Hurum, J. H., Gjershaug, J. O., Søraker, J. S. (2024). Store norske leksikon: Fugler. Henta frå <https://snl.no/fugler>

Kroglund, R. T. (2024). Store norske leksikon: Grågås.
Henta frå <https://snl.no/gr%C3%A5g%C3%A5s>

Norsksidene.no (2024): Globalskolen. Rim og bokstavrim.
Henta frå <https://norsksidene.no/web/PageND.aspx?id=99471> og <https://norsksidene.no/web/PageND.aspx?id=99524>

Selås, M. & Skattør, T. H. (red.) (2023). *Leik i norskfaget.* Fagbokforlaget.